



## Blaðaúrklippur úr norskum blöðum, seinni hluti

---

Bjarni Benediktsson – Stjórnámál – Forsætisráðherra – Blaðaúrklippur

## Tekið af vef Borgarskjalasafnsins

---

[bjarnibenediktsson.is](http://bjarnibenediktsson.is)

Einkaskjalasafn nr. 360

Stjórnámálamaðurinn

Askja 2-31, Örk 6

©Borgarskjalasafn Reykjavíkur

**HOV**  
KONTORMØBLER



SJALUSISKAP



# DAG OG TID

NR. 16 - 4. ÅRGANG - OSLO 15. MAI 1965 - PRIS KR. 1,50

**RIKSORGAN**  
for  
**KOMMENTAR**  
og  
**DEBATT**  
Partipolitisk uavhengig

## Norske statsråder ikkje velkomne til Færøyane!

SJÅ SIDE 2

Eit apropos til debatten  
om Smemo og krigen

## Under 2 prosent nektar å gjere militærtjeneste

SJÅ  
SISTE  
SIDE

## Eskeland intervjuar ISLANDS's president og statsminister

SJÅ MIDTSIDENE



• Redaktør Ivar Eskeland i samtale med den islandske presidenten, Ásgeir Ásgeirsson.

## Dag og Tid innbyr til ISLANDS-tur

SJÅ  
SISTE  
SIDE

# IVAR ESKELAND HOS ISLANDS PR

Vi finn statsminister Bjarni Benediktsson på avtala og oppgitt stad, i — fengslet. Dvs. det har ein gong vore fengsel, er no regjeringsbygning og ligg sentralt og fritt i Reykjavíks sentrum. Mannen i forrommet bar ikkje merke av å vere fangevaktar — han måtte i så fall ha hatt dei mest prominente fangar nokon fangevaktar nokon gong har hatt: ei samla regjering. Det var regjeringsmøte da Dag og Tid kom. Ut strøymde alle sju ministrane frå rom som vel tidlegare var celler, men som no var omgjorde til fasjonable regjeringskontor — og inn strøymde Dag og Tid.

## På vitjing i fengslet — hos statsministeren

Vi kan forsikre om at det er ikkje alle høge politikarar det er så lett å kome til møtes med som dei islandske. Det er som å kome til gode, gamle vener, som har kjent ein og følt med ein lenge.


Ei lekkert skinnkjolekledd dotter køyrer oss frå det fordøms fengslet til ein hypermoderne villa på ei av høgdenene i utkanten av byen.

Islendingane et lunsj ein time eller litt meir frå 12 og utetter; da får arbeidet kvile. Til vederlag arbeider dei lengre utover ettermiddagen enn nordmenn — og etter resultatet å dome arbeider dei meir og hardare. Det skal vel kanskje ikkje så mykje til.

Før vi kom så langt som heim i desse trivelege, luftige, sollyse statsminister-stover, hadde vi høyrte mykje tale om ein viss Bjarni (i alle andre former Bjarna), men sjeldan om Bjarni Benediktsson, og absolutt aldri om Benediktsson. Ein vanleg islending kan gjerne vere på forenamn med statsministeren i omtale og i tiltale, ja det er vel det vanlegaste. Han heiter nemleg ikkje Benediktsson, han er det.

Difor mellom anna kjende vi oss litt kluntete og opprådde når vi skulle tiltale denne mannen, tidlegare professor, tidlegare redaktør i Reykjavíks Aftenposten — Morgunbladid, tidlegare borgarmeister i Reykjavík, tidlegare utanriks- og undervisningsminister, noverande statsminister. Vi freista oss med eit tynt «herr Statsminister». Han høyrde det ikkje, heldigvis. «Dykkar Excellence» kom i det heile ikkje på tale. Det vart med den eine freistnaden. Det eksisterer ikkje formalvanskar med ein så sjarmende mann som Bjarni, ikkje å snakke om «fjallakonon» personleg, fru Sigrídur Björnsdóttir.

Nei De les rett: ho er nemleg ikkje Benediktsson, ho er Björnsdóttir, og det kjem ho til å halde fram med å vere i heile sitt liv. Islendingane er av dei få folk i verda som ikkje driv offisielt påboden diskriminering av kvinnenamn; dei blir ikkje piska inn under mannens namn om dei gifter seg. Dei er rett og slett seg sjølve, og det er ingen dårleg ting å vere, når dei er som dei er. Og det er dei fleste.



Statsminister Bjarni Benediktsson

Vi talar om Islands gamle dagar — eller rettare: unge, om den gongen folk var så gjestfrie at dei kunne byggje hus over allfarvegen for å kjenne seg trygge på at ferdefolk skulle ta inn. Andeleg tala byggjer dei framleis sitt hus over vege; maken til gjestefridom finn ein ikkje i noko anna høgsivilisert land. Første gong vi reiste til Island — det er ein halv mannsalder sidan no — vart det fortalt oss at islendingane i første omgang var «noko kalde» i omgjenge med framande. Det har aldri vore sant; og det må vere rett å understreke dette i samband med gjestinga hos statsministeren og frue. Den kulden som måtte finnast her, må vere samla i jøklane. Men jamvel der bryt varmen igjennom stundom.

### ○ TURISME

— Er det ikkje fare for at den aukande turismen, som Dag og Tid no etter evne blir medskuldig i, kan kome til å bryte ned noko av den islandske folkekaraktera? I Noreg har det i lang tid vore høgste mote å «selje landet». Det er av dei ting vi har makta med ikkje liten suksess, slik at somme no synest at det går litt over stovleskafta. Ikkje få meiner at vi med dette land-salet har selt ein ikkje liten del av det vi måtte ha hatt av sjel med. Og den handelen er det liten stas med. Vi får ingen ting att for den vara. Ikkje pengar eingong.

— Eg har nok merka at somme venlege utlendingar er redde for oss når vi no bryt isolasjonen med fynd og klem

og med hjelp av livskraftige nasjonale flyselskap. Til det er å seie: vi har aldri vore isolerte, åndeleg. Reint bortsett frå at vi alltid har hatt vår eiga, rike dikting, har det funnest ikkje få dome på at utfattige bønder på avdalsgardar har sete og hygt seg med latin og gresk, ja jamvel med hebraisk — og med astro-nomi!

Det er rett at vi har hatt heller få personlege utanlandske gjester i tidlegare tider; men no er det slutt på dei tider, og det er vi glade for. Vi har jamvel hatt strandhogg på Island av utanlandske piratar; det lika vi ikkje. Men fredelige turiststrandhogg er vi glade for — utan omsyn til fortienesta på turismen. De er velkomne!

— Vi har merka det alt. Og det merkelege er at islendingane ikkje synest leggje noko vinn på å tene på oss eingong, snarare tvert imot.

### ○ KULTUR

Samtalen kjem inn på kulturelle spørsmål. For tida synest det som om det er tre hovudtema den kulturelt interesserte islendingen hefter seg ved (og vi har til gode å møte den islending som ikkje er kulturelt interessert; vi har jamvel møtt fanatikarar i kultur). Det er den gamle og nye islandske litteraturen, som det alltid har vore; det er språket, som det visst og alltid har vore; og det er fjernsynet, som vi før har vore inne på. Om dette nye fenomenet er berre eitt heilt visst: at det kjem til å koste meir enn no.

★ Over til side 19.

## Programmet for Noregs-reisa

Det er lagt opp til eit omfattande og variert program når den islandske statsministeren Bjarni Benediktsson og kona hans, fru Sigrídur Björnsdóttir kjem på vitjing til Noreg 15.—23. mai. Statsministeren får sjå seg om i Oslo, helse på islendingane som bur der, møte kollega Einar Gerhardsen, før han kjem til audiens hos H. M. Kongen på Slottet. Benediktsson vil og ha drøftingar i Utanriksdepartementet, med etterfølgjande pressekonferanse og TV-intervju.

Frå Oslo går ferda vidare til Bodo, med helikopter til Fauske og Rognan, og med jernbane til Mo i Rana, der dei islandske gjestene skal sjå Jernverket. Frå Mo til Trondheim, der ein tur til Stiklestad og Mære Kyrkje står på programmet. Ei omvising på Norges Tekniske Høgskole og i Nidarosdomen blir det tid til før gjestene flyr til Oslo, der statsminister Benediktsson reiser frå Fornebu søndag 23. mai.

● Det er etter måten sj... menn frå Island. Laurdag 1. Benediktsson og fru... på offisiell vitjing til Noreg... og hardt.

● I samband med denne... OG TID nyleg vore på Is... denten, Ásgeir Ásgeirsson, diktsson og frue.

● Foremålet elles med tu... turen som Dag og Tid skip... arbeid med Flugfélag Islan... bureau i Oslo. Får gjesten... mottaking av vørgudar og... så er suksessen bli sikra!

● Og velkomne er vi, fr...

● «Eg ynsker Dag og... hjarteleg velkomne, gong... tiltaket, og eg har den tru... har noko i venle.»

● Sa president Ásgeir Á... Dag og Tid.

Kjære herr setjar: grei... De å plassere ein aksent... frå venstre oppover mot høg... re over dei to A'ane i Ásgeir... Ásgeirsson, og kan De forte... je våre lesarar at det ska... lesast som ein diftong, ao, s... har De greidd meir enn NR... har makta på det området... heile sitt liv. Takk skal D... ha.

## Pres... til Da

Der i Huset er det kutym... å fortelje at den islandske... presidenten heiter Ásgeir Á... geirsson. Det har aldri fun... nest nokon islandsk pres... dent med det namnet; de... kjem aldri til å bli det.

Det blir hevda frá ræ... tivt pålitelege kjelder ha... i Reykjavík at Presidente... vart teologisk kandidat o... han var 19 år. Somme u... ha det til at det var de... gongen dei fjeraste stud... rande islendingar hadde ve... til å studere anna enn teol... gi. Sidan har teologen... Bessastadir (presidentres... densen like utanfor Reyk... vík) manifestert at han... ein politikar og eit menne... ke av stort format, rei... bortsett frå at han er te... log. I farten kjønner vi be... re to nordiske statsme... som Kyrkja berde ha se... framifrå bispe-emne... statsminister Einar Ge... hardsen og president Á... geir Ásgeirsson. Den sis... og er eit av dei vissaste... hjartebeste menneske vi h... mott i vårt liv.

### ○ EIN SVIR —

Vi har opplevt island... president-valkamp. Det er... storveges oppleving; det... ein svir i fyndord og far... ord — det nærmar seg... politisk delirium. Ut av de...

# S PRESIDENT OG STATSMINISTER

Det er etter måten sjeldan at vi får gjesting av stats-  
frå Island. Laurdag 15. mai kjem statsminister Bjarni  
ediktsson og fru Sigrídur Björnsdóttir  
isíell viltíng til Noreg. Programmet er både interessant  
rdt.

samband med denne kjærkomne gjestinga har DAG  
ID nyleg vore på Island og hatt samtalar med presi-  
n, Ásgeir Ásgeirsson, og med statsminister Bjarni Bene-  
on og frue.

øremålet elles med turen var å førebu den store veke-  
som Dag og Tid skipar til frá Oslo den 19. juli i sam-  
med Flugfélag Islands (Icelandair) og Winge Reise-  
i Oslo. Frå gjestene våre på denne turen den same  
íng av vergudar og íslendingar som Dag og Tid fekk,  
suksessen alt sikra!

og velkomne er vi, frá aller hogste hald:

Eg ynskjer Dag og Tid og alle norske islandsturar  
eg velkomne, gong etter gong. Eg er overlag glad for  
l, og eg har den tru at Dykkar — og våre — gjester  
ko i vente.»

a president Ásgeir Ásgeirsson i eksklusívt intervju med  
g Tid.

herr setjar: greier  
å plassere ein aksent  
tre oppover mot høg-  
dei to A'ane i Ásgeir  
son, og kan De fortel-  
lesarar at det skal  
om ein difftong, ao, så  
greidd meir enn NRK  
rita på det området i  
t liv. Takk skal De

leksikalske virvar og orato-  
riske grums kjem det så sti-  
gande — ein president.

Ein klok og velrøyd pol-  
itikar — som har evna til å  
sjá over partipolitiske skilje-  
liner, og som nó for lenge  
sidan er godteken som det  
indiskutable overhovud for  
det hypermoderne islandske  
sagaríket.



## PRESIDENT ÁSGEIR ÁSGEIRSSON

er fødd 13. mai  
1894 på Korsnes,  
Myr. Student 1912,  
cand. theol.  
1915(!). Framhal-  
dande studia i  
København og  
Uppsala 1916—17.  
Sekretær i Islands  
Bank 1917—18,  
lærer i lærarskulen  
1918—26. Sá  
undervisnings-  
minister 1927,  
sidan statsminister  
1932—34. Under-  
visningsminister  
att 1934—38, bank-  
sjef 1938—52.  
Vald til Islands  
president 1952,  
attvald 1956, 1960  
og 1964. Málsmann  
i Dei sameinte na-  
sjonane i Bretton  
Woods 1944, i New  
York 1946 og i  
Paris 1947.

kingsmaterialet som halve  
den humanistiske vitskaps-  
verda er interessert i?

— Vi låg avsides. No  
ligg vi midt i vår tids  
Mellomhav. Det tek 2—3  
timar hit frá Sola, frá  
Glasgow, frá New York.

## ○ FJERNSYN

— Sagalandet gir seg til å  
byggje fjernsyn og skal ta  
knekken på nasjonaløkonomi-  
en sin?

— Personleg held eg meg  
til bøkene — og greier meg  
med dei. Men eit nasjonalt  
fjernsyn er ikkje til å kome  
ifrá.

— Blir det ikkje for dyrt  
for eit folk på 180 000?

— Det er dyrt å leve. Det  
er dyrt å døy òg, kanskje.

— Er ikkje det til no ein-  
rådande amerikanske fjern-  
synet med 6—8 timar sen-  
ding pr. dag ein kulturell fa-  
re?

— Det er stor interesse for  
desse programma. Til no er  
det selt om lag 6 000 apparat  
til íslendingar.

Men: dei fleste av dei fil-  
mar som blir synte på kí-  
noane her, er òg amerikanske  
— og uteksta. Folket mitt  
har visst ikkje teke uboteleg  
skade på si sjel av det.

# residenten helsar velkomen i Dag og Tids ISLANDS-FERD

Huset er det kutyme  
je at den islandske  
ten heiter asgeir as-  
. Det har aldri fun-  
kon islandsk presi-  
ed det namnet; det  
dri til å bli det.

blir hevda frá rela-  
litlege kjelder her  
javík at Presidenten  
eologisk kandidat da  
ar 19 ár. Somme vil  
til at det var den  
dei færreste stude-  
íslendingar hadde råd  
udere anna enn teolo-  
lan har teologen på  
stadir (presidentresi-  
like utanfor Reykja-  
manifestert at han er  
litikar og eit mennes-  
stort format, reint  
tt frá at han er teo-  
farten kjemmer vi ber-  
nordiske statsmenn  
Lyrkja både ha sett  
rá bispe-emne i:  
minister Einar Ger-  
n og president Ás-  
Ásgeirsson. Den siste  
eit av dei vissaste og  
beste menneske vi har  
i vårt liv.

— Herra Forseti: det går  
føre seg ei forferdeleg øko-  
nomisk velstandsutvikling på  
Island; kan det ikkje ta pus-  
ten jamvel frá Presidenten?

## ○ EIT NYTT ANDLET

— Det står stundom såleis  
for meg, at eg alt har levt  
og gjennomlevt to tidsaldrar  
eller generasjonar; så stor  
er skilnaden. Den moderne  
teknikken, som vi i stor mon  
har teke i bruk, har gitt mitt  
Island eit nytt andlet. Der-  
med vil eg ikkje seie at vi ser  
med vanvordnad attende på  
vårt barndoms Island! Vi  
levde så primitivt materielt  
at dei færreste moderne men-  
neske har føresetnad for å  
tenkje seg inn i det; men vi  
var nøgde med og glade for  
livet!

## ○ INFLASJON

— Inflasjonen rid landet  
Dykkar som ei mare?

— Det er inflasjon her.  
Det er inflasjon i dei fleste  
land og kjemmer. Han er  
aterkare hos oss enn i man-  
ge andre nasjonar. I ein ung  
nasjon som er under hek-  
tisk teknisk utvikling, kan  
ein vanskeleg sleppe unna  
denne svepa. Det gledelege  
er at produksjonen pr. per-  
son aukar i aksellererande  
fart. Vår jord er god og

grøderik — men er enno  
ikkje nâme nær utnyttat. I  
gamle dagar, dvs. for nokre  
år sidan, heitte det at vi  
var få og fattige. Vi er  
framleis få; men det kan  
ikkje seiest i sanning at vi  
er fattige i dag. 1/3 av vårt  
økonomiske liv er basert på  
moderne industri. Inflasjo-  
nen skriv seg m. a. frá at  
vi har mått gjere rett mykje  
på rett mykje kortare tid  
enn dei fleste andre euro-  
peiske nasjonar har hatt til  
rådvælde. Og vi har gjort  
det...

— Íslendingane bur ikkje  
i jordhol lenger?

— For eit halvt hundreår  
sidan måtte kvar byggjande  
íslending lage sitt hus av  
stein og jord. Kvar genera-  
sjon laut byggje sine hus på  
nytt. Sementen er ikkje eld-  
re på Island enn 60 år. Se-  
menten har loyst husproble-  
ma for oss — og gitt oss  
menneskeverdige bustader.

— Som i «Snob Hill» og  
mange andre strok i Reykja-  
vík kan mæle seg med det  
likaste vi ser på Ullernåsen.

— Råmaterialane til se-  
menten kjem frá Faxaflói,  
frá botnen, frá skaldyra der.

— Herr President: Island  
turar òg fram og finn seg  
i at bruk blir nedlagde i store  
mengder?

— Det er rett at somme  
reiser frá somme bruk. La  
meg da berre få minne om at  
dette er eit resultat av mo-  
derne arbeidsdeling m. a. I  
gamle dagar var gardane  
sjølvforsynte; i dag er hei-  
meindustrien nedlagd; i dag  
reiser ikkje lenger islandske  
bønder på fiske. Nokre bruk  
blir — heilt rett — nedlagde.  
Likevel er produksjonen av  
jordbruksvarer monaleg stør-  
re enn før. Og ingen bur i  
jordhus.

## ○ ALUMINIUMSVERK

— Og no skal Island ta i  
ferde med stort aluminiums-  
verk?

— Vi har vasskrafta.  
Spørsmålet blir diskutert.  
Når noko nytt skal gjerast  
eller setjast i verk, blir det  
straks eit politisk spørsmål,  
her som i Noreg.

— Island blir smått om-  
senn skogkledd, og De mis-  
ser det vidgjetne utsynet —?

— Vi har i ikkje liten mon  
nordmennene å takke for det.  
Og eg vil seie: vi har alltid  
sakna skogen. Skog gir oss  
enorme føremøner, når den  
tid kjem.

— Frå Dag og Tid-syns-  
stad er det ein stor føremøn  
at ikkje den ungdomslags-  
inspirerte skogen er grodd  
opp overalt enno. Vi kan no

ta våre turistar med og vise  
dei halve Island frá ein hø-  
veleg fjelltopp. Utsynet er  
usannsynleg.

— Eg kan godt forstå den  
synsmåten! Men eg vil atter  
stykke under kor mykje vi  
har å takke Noreg for når  
det gjeld skogen. Ludvig  
Braathen med pengestønad  
og norsk ungdom med arbeid  
har teke store lyft. Om den-  
ne skogreisninga vår lykkast,  
må framtida vise. Eg trur på  
henne.

## ○ HANDSKRIFTENE

— Danskane daskar laus  
på åykk íslendingar for tida  
fordi de er skamlause nok til  
å be om å få heim att dyk-  
kar rikaste kulturelle arv —  
handskriftene til den største  
litteratur som er skapt i  
Nord-Europa?

— Vi får dei. Eg kan ik-  
kje seie kva tid. Vi er eit  
sagafolk; vi er vane med å  
vente; og vi gloymer aldri.  
Vi er sjølv sagt ikkje glade  
for den danske motstand og  
debatt. Men han har iallfall  
synt kor framandt det dan-  
ske folket er for handskrif-  
tene.

— Men, Herra Forseti: ligg  
ikkje Island for avleies til  
når det gjeld å varveitsle  
denne kulturarven, til å ta  
vare på dette gullkanta fors-

Så lenge vi held målet vårt  
levande, har vi pantet, har vi  
vi garantien for Islands frie  
framtid. Men som sagt — eg  
ser sjeldan fjernsyn sjølv.

— Har Presidenten appa-  
rat?

— Ja. Av omsyn til barne-  
borna. Den unge generasjo-  
nen lærer engelsk betre og  
tidlegare enn vi gjorde. Vi  
treng eit internasjonalt hjel-  
pespråk. Vi skal ikkje og kan  
ikkje og må ikkje isolere oss.  
Island skal ikkje nøye seg  
med å vere eit museum for  
ei stor fortid.

— De les mykje, som íslen-  
dingar flest, herr President.  
Har De ei bok De held gjæ-  
vare enn andre?

— Mange. Eg har íslending-  
gasogene. Og Snorre: Edda  
og Heimskringla. Når vi ís-  
lendingar reiser t. d. frá  
Trondheim til Sola, treng vi  
ingen Baedeker. Vi kjemmer  
kvart nes, kvar vik, kvar vág.  
Elles les eg Kiljan med sann  
svir. Mange av hans bøker  
er meisterverk. Og Gunnar  
Gunnarsson — han skreiv  
rettnok dei fleste av sine bø-  
ker på dansk; men dei har  
vorte omsette til islandsk av  
Halldór Laxness. Stor er òg  
David Stefansson. Vi íslen-  
dingar les vel kanskje i det  
heile meir litteratur enn an-

★ Over til side 19.

**Frifant - - -**

★ Framhald frá s. 2.  
kvarandre, i stor monn arbeider med same sakene og stort sett har medlemmene sine i dei same krinsane på bygdene. Oppdelinga fører til at alle dei tr. organisasjonane blir veikare, og det har ikkje bygdesamfunnet råd til i denne tida.

Dette er vakkert sagt, men kjære folk ver på vakt!

Det viktigaste i ungdomsarbeidet som i alt anna organisasjonsarbeid er å ha mange organisasjonar. Da blir arbeidet rikt nyansert. Kvart medlem går inn for sin småting.

Stortinget får seg av alle store ting.

På denne måten blir det fullbeskjefteigelse og verkeleg produktivt arbeid.

Nyleg hørte eg om ei bygd med 53 organisasjonar. Alle desse hadde sine styre og nemnder, utval, særslag og ringar. Til dette kom så alle kommunale og andre til-litsyrke. Den bygda blir det arbeidd il Alle på møte til alle tider!

Slik må det vere i ei idealbygd. Noregs Ungdomslag skal ha takk og ære for at framlegget frå Inntrøndelag ikkje blir tatt opp på drsmøtet i sommar.

**På vitjing i fengslet**

★ Framhald frá s. 10.  
ko anna tidlegare islandsk kultur- eller «kultur»-tiltak.  
— Men kanskje er det kostnaden verdt?  
— Ja, det er. Vi må ta den kostnaden.

**○ GODVILJE-GJESTING**

— Og no ser De fram til å kome til Noreg ein tur? Kva er føremålet?

— Vi gled oss begge. A kome til Noreg for ein islending er på sett og vis som å kome heim. Jamvel dei av oss som aldri får kome dit, kjenner landet. Og folket. Føremål, om De tenkjer på politiske i «keisam» meining, har vi ikkje. Det er rett og slett ei godvilje-gjesting.

— Det er ikkje lite.

— Nei, ikkje for oss iallfall.

Vi kjenner programmet, og vi ser det i møte med stor spanning og glede. Eg har forresten kome med framlegg sjølv. Difor ikkje Vestlandet denne gongen, enda det er kanskje det vi kjenner oss nærmast knytte til; det er berre det at der har vi vore før. No vil vi sjå Nord-Noreg opp til Bodø, og Trondheim med Stiklestad. Og så Oslo, sjølvsagt.

— Må vi audmjukt få ynskje Dykk begge hjarteleg velkomne til eit land som no omsider synest ta til å oppdage Island på nytt!

— Takk.

**Presidenten**

★ Framhald frá s. 11.  
dre, og mindre av det stoff som kjem kvar dag — og døyr kvar dag.

Bildande kunst, skulptur og målning, hadde vi lite av før. Vyrket var for dyrt. Diktalar hadde vi alltid. Papir og fjørpenn kosta ikkje så mykje.

— Herra Forseti, er De mellom dei få islendingar som ikkje ser Dag og Tid-turen i møte med glede, som seier at Island er berre for islendingar?

**○ VELKOMEN**

— Eg ynskjer Dag og Tid og alle norske islandsturar hjarteleg velkomne, gong etter gong! Eg er overlag glad for tiltaket, og eg har den tru at Dykkar — og våre — gjester har noko i vente.

Ruta mellom Bergen og Reykjavik var i si tid ei dør til Noreg og Europa. Ei dør som no er stengd. Vi vel-signar dykk, Flugfélag Islands og Winge Reisebureau i arbeidet med å opne nye dører!

Sa den islandske presidenten, herra Ásgeir Ásgeirsson.

**ASKØY**

Frå 1. juli er ledig opps. lærarpostar (33 veketimar) ved fylgjande skular i Askøy kommune:

1. Hop 7-delte skule, 1 post, helst for lærar som kan ta engelsk.
2. Florvåg 7-d. skule, 2 postar
3. Kleppe 7-d. skule, 1 post
4. Tveit 3-d. skule, 1 post (kv.)
5. Træet 5-d. skule, 1 post (kv.)
6. Skråmestø 3-d. skule, 1 post (kv.)
7. Søre Herdla 2-d. skule, 1 post (kv.)
8. Postar i husstell i folke- og framhaldsskulen. Vanlege vilkår etter lov og instruks. Søknader til Askøy skulestyre, Kleppstø, innan 10. juni f.k. Askøy skulekontor, 8. mai 1965. Skuleinspektøren.

**RINDAL KOMMUNE**

Frå 1. juli 1965 er desse stillingane ledig i barne- og ungdomsskulen i Rindal.

1. Styrar for ungdomsskulen kombinert med styrarstilling for barneskulen.
  2. Stillingar i ungdomsskulen for lektorar, adjunktar eller lærarar med tilleggsutdanning, særleg i språkfag.
  3. Normalpostar som event. kan kombinerast i barne- og ungdomsskulen for lærarar med eller utan tilleggsutdanning.
  4. Arsvikariat i komb. post p.g.a. studiepermisjon.
  5. Post i heimkunnskap (husstell) i ungdomsskulen.
8. Normalpost ved Skogen 2-delte skule.  
7. Timelærarpost ved Lomundsjø 3-delte skule.  
8. Arsvikariat ved Lomundsjø 3-delte skule p.g.a. studiepermisjon. Høver for lærarektepar.  
Sjå utlysing i Norsk Lysingsbl. og Norsk Skoleblad. Rindal skulekontor, 22. april 1965. Per Ljøkjell sk.inspt.

**Hallingdal Folkehøgskule**

treng frå 1/7-1965 årsvikar for lærar i heil post, bokfag. Løn og arbeidsvilkår etter regulativ og reglement for folkehøgskulen. Søknad sender ein til skulen innan 5. juni. Adr. Gol.

**UNGDOM!**

No er tida inne til å søkje plass på vinterkurset på Vefsn Folkehøgskule, Halsøy i Vefsn. Skolen har desse linene:

1. Vanleg førsteårskurs for gutar og jenter.
  2. Praktisk line for jenter.
  3. Framhaldsklasse (andreårskurs) for gutar og jenter.
- Rimeleg opphald. God stipendhjelp. Plan fritt. Hilmar Rørmark.

**Månadsbladet FRIHUG**

Har du sett det nye FRIHUG i hendig format og finare utstyr? Radikalt, allsidig, friskt og humørfyllt med serskild ungdomspalte. Noveller, essays, helseartiklar, fylgjetong m. m. Arspris kr. 20,-. Prøvenr. mot kr. 3,- i frim. Tilskrift: Kinn.

**Ledige stillinger ved gymnas, realskoler og handelsgymnas fra 1. august 1965**

I Norsk lysingsblad nr. 107 for 11. mai 1965 er kunngjort ledige stillinger ved gymnas, realskoler og handelsgymnas fra 1. august 1965. Søknadsfrist 1. juni 1965.

**Blausiegel**

Privat avsender. Diskr. levering. (Blått segl.) OGSÅ ENGROS  
Send mot oppkr. + portoombk. / forsk. portofritt. Nøytral innpakking.  
.. dus. KORALLE fuktig — ru 24,- .. dus. COLIBRI seks farger 13,-  
.. dus. QUEEN luksusklasse alm. 13,- .. stk. PRØVEPAKKE 15,-  
.. dus. SPEZIAL m/pat. gl.pasta 12,- .. stk. PRØVEPAKKE 20,-  
.. dus. BF-3 FUKTIG oljepakn. 12,- .. stk. AKTSTUDIER 89 hels. 15,-  
.. dus. EDEL-EDEL alminnelig 10,- .. stk. Berger: SEKSUALLIVET 13,-  
.. dus. EXPORT amerik. type 9,- .. stk. SEKSUALLIVETS A B C 15,-  
Til Imp.forr. Navn .....  
UNITAS A.S. Adr. ....  
BOKS 1684 Vika - Oslo 1. Poststed .....  
**BLAUSIEGEL WEST - GARANTERES BEST**



**ANDVAKE**

LIVS- OG PENSJONSTRYGDING  
GRUPPELIVSTRYGDING

MØLLERGT. 16 - OSLO

**ARENDALE**

L/L Bondeheimen

Torget 86 A - tel. 21 564

Matsal - Værelser

**BRYNE**

Bryne Gjestehjem

Tel. 81 531 (etter kl 22: 81 182)

**KONGSBERG**

Hotel Bondeheimen

Storgaten - tel. 1u og 131  
Spisesal - v. og k. vann -  
sentralvarme  
Stor oppvarmet garasje



**OSLO NYE SPAREBANK**

Tlf. 33 16 34 — 33 04 66  
Rosenkrantzgt. 9

**KVAM PRIVATBANK**

ØYSTESE — ALVIK

Innskot i bygdebanken skapar framgang i heimbygda.

**VESTLANDSBANKEN**

I sentrum av Bergen og Vestlandet

**ULLENSVANG PRIVATBANK**

LOFTHUS

**VOSS SPAREBANK**

skipa 1843 - VOSS  
tlf. centralbord 20  
banksjef 148

**VESTNES SPAREBANK**

VESTNES

**KINSARVIK SPAREBANK**

Sparebanken for Granvin -  
Jondal - Ullensvang - Ulvik

**GODE RAD ER DYRE**

Ein mann ringde opp til lækjaren og sa at sonen hans hadde slukt ein fyllepenn.

— Eg kjem med det same, sa lækjaren, — men kva gjer sonen Dykkar i augneblinken.

— Brukar ein vanleg blyant.

**MELK**

- en viktig kilde til

vitaminer

mineraler

eggehvite

og

kullhydrater

**DAG OG TID**

Akersgt. 7, IV - Oslo 1  
Tlf. 42 23 41 - 41 49 65

Utgjevar: A/S Dag og Tid

**Bladpengar:**

Kr. 44,- pr. år, kr. 22,- pr. halvår, kr. 11,- pr. kvart.

**Spesialpris for skoleelevar og studentar:**

Kr. 32,- pr. år, kr. 16,- pr. halvår, kr. 8,- pr. kvart.

**Lysingsprisar:**

Framsida kr. 2,85  
Baksida » 2,20  
Tekstsida » 1,35  
Vanleg side » 1,00  
Rubrikkann. » 0,80  
Marginalonn. » 1,80

Postgiro 308 02  
Bankgiro 5370/659

Forgetillegg kr. 0,40 pr. forge

**TRELAST**  
**SVERRE SKANCKE**  
Lager Kjørbo — Sandvika.  
Telefon 54 03 03

# ASKER OG BÆRUMS BUDSTIKKE

Lokalblad for Asker og Bærum

Jernvarer - Kjøkkenutstyr  
Malerverer - Alt i bygningsartikler  
**RAGNAR NÆSS**  
BYGNINGSARTIKLER AS  
LIJORDET STABEKK  
24 20 74 53 23 96 53 62 72 53 61 76

## Sne i åskantene - men 17. mai-jubel fra Lysakerelven til Heggedal



På Skaugum hilste en smilende Kong Olav og Kronprins Harald på barnetoget som gikk forbi hovedinngangen i morgentimene 17. mai

Islands statsministers datter i 17. mai-tog på Grav  
Mens Islands statsminister så barnetogene ved slottet, gikk hans lille datter, 10 år gamle Anna Bjarnadottir i 17. mai-tog i Bærum. Hun bor hos Tonnes Andersen på Jar, og fikk følge hans sønn Mads i toget i første klasse på Grav skole. Det var en stor opplevelse for den islandske piken å oppleve den spesielle form for feiring av nasjonaldag, og hun svingte det norske flagg like ivrig som sine norske venner. Se side 5

## Krigsinvalidene har krav på vår hjelp

**Tegn bidrag i Budstikkens ekspedisjon og i Askerkontoret. Innsamlingen en utfordring til våre abonnenter!**

La oss alle være med på en gave til krigsinvalidene. Denne gang har vi anledning til å yde dem en hjelp som monner. Det bør derfor være en æressak at det fra ethvert hjem som idag kan leve i frihet og trygghet, takket være deres innsats, kommer et bidrag. Oppfordringen har nådd oss fra mange innen Asker og

Bærum, og Budstikken legger derfor fra idag ut innsamlingslister i sin ekspedisjon i Sandvika og i Askerkontoret. Ikke alle våre landsmenn har fått like stor del i den lykke som seieren og frigjøringen av vårt land ga. Men vi kan alle hjelpe krigsinvalidene til større delaktighet i de goder som fredstidens Norge har i overflod. Det skylder vi dem, kom derfor og gi Deres bidrag. La det bli en æressak for våre lesere. Skal vi ta sikte på å yde fem kroner fra hver fast abonnent?

På listen i vår ekspedisjon er det alt tegnet følgende bidrag:  
NN kr. 100,-, K.P.A. kr. 25,-

## Sjenerende kinaputt-smelling i Asker og Bærum 17. mai-morgen

**Kinaputt førte til brann i forretning på Bekkestua. Guttegjenger på opptil 20 medlemmer i virksomhet, politiet hadde nok å gjøre**

Det har vært en rolig 17. mai for Asker og Bærumspolitiet, selv om feiringen av grunnlovsdagen ikke akkurat gikk stille for seg. Alt tidlig 17. mai om morgenen, ved 0400-tiden, begynte det å strømme inn klager til politistasjonen i Sandvika i forbindelse med ungguttens grytidlige feiring med kinaputt og annet fyrverkeri. Særlig fra tettbebyggede strøk i Bærum hovedsaklig på Nadderud, kom det mange meldinger, og bil-

## STABEKK SKOLE FIKK NY FANE TIL 17. MAI

Stabekk folkeskole fikk en ekstra hyggelig 17. mai-presang i år — en ny skolefane. Den gamle var tøret av var og vind siden 1912.



## Assuranseforeningen GARD

gjensidig  
Stiftet 1907

Forsikring av

Reders ansvar overfor tredjemann  
(Protection & Indemnity)

Hyre og effekter

Telegramadresse:  
GARD

Hovedkontor  
Arendal

Tlf. centralbord  
2 20 8 0

Telex: 1812

Hovedagenter:

Sev. Dahl's Assuranskontor A/S, Oslo

Telegramadresse: SEV

Tlf. centralbord: 41 63 30 - Telex: 1319



Stiftet 1867

## Drifts- subsidiene i USA's linjefart

«N. H. og S. T.» har fått anledning til å granske årsrapport og regnskap 1964 for et av de store linjerederiene i USA. For shippingfolk på denne siden av Atlanteren som konkurrerer med amerikansk dreven skipsfart om verdens transportytelser, må man si at dette er deprimerende lesning. Regnskapet rober i tall og størrelser hva norske linjerederier i fart på USA har å stri med i form av unfair konkurranse fra USA.s statsstøttede linjefart.

Det selskap som rapport og regnskaper skriver seg fra, er engasjert både i passasjerfart og i stykkgoods linjefart, i direkte konkurranse med norske rederier. I førstnevnte fartskategori driver linjen to, relativt moderne passa-

hvilket tilsvarer 2.90 dollar pr. aksje.

★

Hemmeligheten med å få et slikt regnskap til å balansere ligger i en dominerende inntektspost, benevnt «Operating-Differential Subsidy» som er regnskapsført til nærmere 23.7 mill. dollar.

Når amerikanerne kaller sin subsidiering av skipsfarten «Operating-Differential Subsidy» ligger det heri at linjerederiene får dekket forskjellen i driftsutgiftene mellom sammenlignbare amerikanske og ikke-amerikanske linjeskip i en sammenlignbar trade. Den amerikanske stat aksepterer det faktum at det er kostbarere å drive et skip under amerikansk flagg enn under andre sjøfartslands flagg, bl. a. på grunn av de høyere hyrer på amerikanske skip. På dette grunnlag betaler den amerikanske stat 200 mill. dollar i årlige subsidier til linjerederiene.

Dette forhold ville kanskje de ikke-amerikanske linjerederier etter hvert ha avfunnet seg med, forutsatt at driftssubsidiene ikke oversteg den aktuelle forskjellen som knytter seg til omstendigheten at et skip fører amerikansk flagg. Men da må ikke sammenligningsgrunnlaget svikte. Dette siste synes å være tilfelle når det gjelder rederiet som vi her omtaler, idet rederiflåten utgjøres av en tonnasje med så høy gjennomsnittsalder at den fra norsk linjefarts synspunkt må ansees

hvilket tilsvarer 2.90 dollar pr. aksje.

nal good will i skipsfarten, og det er vanskelig å forstå hvorledes det vil kunne tjene de amerikanske skatteborgeres interesser.

## Idé-partheid

Nå går vi en ny runde demonstrasjoner i møte. Skjebnen har ordnet det slik at unge menn fra Sør-Afrika, som enten mener det ene eller det andre om Verwoerd, om Apartheid, om politikk og om alt annet, skal spille tennis mot noen fra Norge, som enten mener det annet eller det ene om de samme problemer. Hva har vi ikke anelse om, og det interesserer oss heller ikke i forbindelse med tennislandskamper.

Men de som enten mener noe bestemt om Apartheid-politikken, eller later som de mener noe for derved å kunne lage blest enten om seg selv eller om politiske standpunkter og partier, de skal demonstrere. Mot Dag-kastingen eller Norsk Rikskringkasting som navnet offisielt er, var som vanlig til stede, muligens fordi det kunne sies å være en aktuell kamp, muligens fordi man ønsket en annen aktuell kamp, f. eks. den som var mellom demonstranter og politi i fjor. Det var iallfall interessant å merke seg radio-monopolets omhyggelige annonsering av begivenheten, stort tydeligere enn det skjedde, kunne det vel neppe vært avvertet at man burde møte frem til demonstrasjon da og da, der og der. Det er jo også en måte å understøtte bestemte aksjoner på.

★

Når vi skriver dette, finner vi det både korrekt og hensiktsmessig å gjøre oppmerksom på at vi for vår del er imot Apartheid, vi kan ikke godta Verwoerds politikk. Men det er svært megen annen politikk vi heller ikke kan godta, og det er svært meget annet vi er imot, uten at vi ønsker demonstrasjoner av den art som ble satt i scene mot sør-afrikanerne i fjor og som enkelte sikkert ønsker å gjenta. Selv har vi i sin tid protestert mot direkte rampeoppreden utenfor den russiske ambassade. Det var i forbindelse med Budapest 1956 — men velmenende og idealistiske mennesker kan aldri hindre at det er

## Velsett gjest fra frendelandet i vest

Islands statsminister til Norge 15. mai



Statsminister  
Bjarni Benediktsson.

Kontakten mellom Island og Norge er i de senere år blitt stadig mer omfattende. Det er med glede vi noterer at såvel den kulturelle forbindelse som handels-samkvemet tjener til å styrke vårt vennskap med grannlandet vest i havet.

Handelen med Island har gjennomgått en rivende utvikling. Vi kan kort nevne de ca. 100 havfiskekuttere som norske verft har bygget for islendignene — i løpet av de siste 10 år, Norges stigende eksport av fiskeleite- og annet elektrisk utstyr og en lang rekke forbrukerartikler.

For tiden får ca. 130 unge islendinger sin utdannelse ved norske universitet, høyskoler, tekniske skoler, landbruksskoler og andre læreanstalter. Det kulturelle samkvem har neppe vært bedre siden sagatiden, og islend-

ingene søker stadig i større utstrekning bistand av norske ingeniører, rasjonaliseringsekspert og andre spesialister for utredning av store tunge prosjekter.

I disse dager er interessen for norsk-islandsk kontakt aktualisert i den islandske statsminister Bjarni Benediktsson og fruens forestående offisielle Norges-besøk.

Statsminister Bjarni Benediktsson — som for øvrig er formann for Islands største parti — det konservative Sjalftædisflokkurinn, kommer med fly til Oslo lørdag 15. mai.

Søndag 16. mai begynner programmet med en biltur i Oslo og omegn med lunsj på Sundøya Fjordrestaurant ved Tyrifjorden. Om ettermiddagen holder Islands ambassade en mottagelse for den islandske koloni i Oslo og om kvelden gir regjeringen en middag for statsministeren og frue på Akershus Slott.

17. mai skal statsministerekteparet få se barnetoget fra Stortinget etterfulgt av presidentskapets buffet-lunsj i Stortingets kjellerstue. Siden blir det matiné i Nationaltheatret og middag i Hovestuen på Folkemuseet.

Neste dag skal statsminister Benediktsson møte statsminister Gerhardsen, for siden å legge ned en krans ved minnesmerket på Akershus. Deretter skal han besøke Norges Teknisk-Naturvitenskapelige Forskningsråd på Blindern. Kl. 13.15 skal han i audiens og lunsj til H. M. Kongen på Slottet. Det vil så bli tid for eventuelle politiske drøftelser med etterfølgende pressekonferanse og TV-intervju. Om kvelden gir den islandske statsminister og frue en middag i den islandske ambassade på Bygdøy.

Onsdag 19. mai går så turen med SAS' ordinære rutefly til Bodø hvor det vil bli omvisning i byen og dens omegn etterfulgt av fylkesmann Bue Fjærmeros' lunsj for de islandske gjester. Om

President

## Skipsreparasjoner og ombygninger i Japan



- YOKOHAMA
- KOBE
- HIROSHIMA
- SHIMONOSEKI
- NAGASAKI

Mitsubishi Heavy-Industries Ltd



TITLESTAD & HAUGER  
OSLO

TITLESTAD & HAUGER A/S

CHRISTOFFER SØRENSEN

BERGEN

STAVANGER

## Minneord om professor J. Bache-Wiig

— Av generaldirektør Rolf Østbye —

